



Rundtur Blåsvenyken og Lidavarden 11 km

Tur nr. 2

www.harpefossen.no/turar



4 t

Variert tur forbi setermiljøa på Nakkesetra og Tippasetra og gjennom Tippadalen før ei bratt stigning siste delen opp til Blåsvednyken. Storslagen utsikt mot Ålfotbreen i sør og delar av Sunnmørsalpane i nord, samt Nordfjorden og Hjelmelandsdalen.

Stikryss

Harpefossen/Tippabrua – Tippasetra – Nakkesetra - Resenden – Heia – Botnareset – Tippaskaret - Blåsvenyken - Lidavarden – Smålidtjønna – Tippasetra - Harpefossen/Tippabrua

Turbeskriving

Frå parkeringsplassen ved Tippabrua på Harpefossen (Varmestova) går turen på grusveg 1,0 km til Nakkesetra. Her tek ein av rett sørover opp til toppen av setra og vidare oppover på tydeleg sti 1,4 km til Heia. Her tek ein av sørover på utydeleg sti relativt flatt 1,0 km innover dalen til Botnareset kor ein kjem inn på ein tydeligare sti som fører 0,7 km opp til Tippaskaret. Her tek ein vestover bratt (litt klyving) 1,0 km opp til Blåsvenyken (909 moh) som er høgaste punkt på turen. På veg opp er god utsikt over Fossesetra og Fossevatnet som ligg like nord for Nordfjordeid sentrum. Stien fylgjer so høgda vidare 1,5 km rett vest på varierende sti til Lidavarden (849 moh). Det er god utsikt utover Nordfjorden, heile Hjelmelandsdalen og fjella rundt. Frå Lidavarden er løypa merka rett nord ned i ein slak dal kor ein sti går vidare vest ned til Smålidtjønna, 1,1 km frå Lidavarden. Vidare nordover ned Smålidene er løypa merka over moltemyrer ned mot skogen kor ein tydeleg sti fører austover 2,5 km ned mot Tippasetra. Ver merksam på at merkinga bryt av frå stien og dreier rett nordover til utmarksledet i overkant av Tippasetra. Vidare er løypa merka over beiter og på grusveg 0,5 km tilbake til Harpefossen.

Turen passer for alle som er i rimeleg god form, utan høgdeskrekk og med skikkelige fjellsko.

